

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2016

Anne Beth Njærheim (V) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er prosjektleiar for dette prosjektet i Bømlo kommune. Njærheim gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Anne Beth Njærheim var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Anne Beth Njærheim gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune tek regionalt prosjektansvar knytt til det nasjonale prosjektet; "kartlegging og utviklingsprosjektet Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse 2015/16 til 2018", gjennom deltaking i samarbeid med kommunane Askøy, Bømlo, Fjell og Stord.
2. Hordaland fylkeskommune bidreg i prosjektet med prosjektleiing, gjennom eigeninnsats i prosjektperioden. Fylkeskommunal delfinansiering for 2015/2016 på kr 400 000,- vert dekt innafør vedteken budsjettramme, ansvar 160324; folkehelsearbeid.